
Fra: Hans Atle Svenheim <ha-atles@online.no>
Sendt: 14. februar 2017 18:36
Til: Bente Kopperdal Hervik
Emne: Gløymd org. nr. til Seim songkor

Oppfølgingsflagg: Flag for follow up
Status for flagg: Flagget

Hei i Radøy kommune: Eg gløymde å stadfeste Seim Songkor sitt orgnr. som er: 992169036

*for Seim songkor m. fl.:
Hans Atle Svenheim*

Videresendt melding:

Fra: Hans Atle Svenheim <ha-atles@online.no>
Emne: Påskekonsert i Manger kyrkje søndag 19. mars kl. 18.00, søknad om stønad.
Dato: 12. februar 2017 kl. 17.51.00 CET
Til: Postmottak Radøy <postmottak@radoy.kommune.no>
Kopi: Bente Kopperdal Hervik <bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no>

For Seim songkor og Kjersti Wiik m. fl.:

Hans Atle Svenheim
Postboks 112
5931 Manger

Tlf.: 413 25 009

Radøy kommune
Avdeling for kultur

Påskekonsert i Manger kyrkje søndag 19. mars 2017

Kjersti Wiik med William Kay, Hildegunn S. Sylta og Seim songkor skal framføre ein konsert med påskerelatert sakral musikk i Manger kyrkje søndag 19. mars frå kl 18.00.

Som kjent vil det kosta det å få i stand og å framføre ein konsert med mange aktørar sjølv med mykje dugnadsarbeid. Me meiner at det fastsette tidspunktet for konserten vil passe fint og satsar med reklame på internett, marknadsføring i lokalavisene og med plakatar i sentrumsbygg i Nordhordland. Me vil gå for ein billettpris på kr. 250.-.

Det vil ikkje vera mogleg å kunne forespegla kor store billettinntekter me kan venta, så me held oss så pass edruelege at me satsar 80 tilhøyrarar i utgangspunktet, men vonar at god marknadsføringa vil føra til at langt fleire vil ynskja å oververa konserten. Sidan ein må sikre at ei rekkje utgifter skal kunna bli dekkja inn for eit slikt arrangement skal kunna gjennomførast, vil me søkja Radøy kommune om økonomisk stønad. Me legg ved budsjett for konserten i Manger kyrkje og ber om kommunal stønad til mellomlegget mellom stipulerte inntekter og utgifter. Dette mellomlegget har ein storleik på kr. 10 800,-

Økonomisk stønad til konserten vil eg be om vert overført Seim songkor fordi dei som organisasjon har styre og kasserar.

Seim songkor sitt kontonr er 3632 50 62252

Budsjettet og programmet for konserten er presentert nedunder, og me vonar på positiv tilbakemelding frå Radøy kommune om økonomisk stønad. Dei økonomiske nedgangstidene har desverre ført til generell sponsortørke frå næringslivet.

For Seim songkor med Kjersti Wiik, Hildegunn S. Sylta og William Kay:

Hans Atle Svenheim

Budsjett for Påskekonsert med Kjersti Wiik, John William Kay, og Seim songkor, m. fleire i Manger kyrkje søndag 19. mars 2017 kl 18.00

Utgifter:

Honorar:	kr. 20 000,-
Leige av kyrkje:	
kr. 2000 eller 15% av bill.inntekt:	kr. 2 000,-
Løn til kyrkjjetenar:	kr. 1 300,-
Blomar:	kr. 1 500,-
Tonoavgift:	kr. 2 000,-
<u>Marknadsføring:</u>	<u>kr. 4 000,-</u>
Samla utgifter:	kr. 30 800,-

Inntekter:

Salg av billetter 80 personar à kr. 250,-:	kr. 20 000,-
<u>Stønad Radøy kommune:</u>	<u>kr. 10 800,-</u>
Samla inntekter:	kr. 30 800,-

PROGRAM:

SEIM SONGKOR TOVE HOLTER JOHN WILLIAM KAY HILDEGUNN S.SYLTA KJERSTI
WIIK 19.MARS 2017

STABAT MATER (PERGOLESI)
4,0 min

2 solistar og orgel

HYMNE	Hør mein bitten Herr (Mendelsohn)	Kor, solist og orgel	
	11,5 min		
BLUTE NUR (BACH, arie frå Mateuspasjonen)	Solist + orgel		
	4,0 min		
3 koralar av Bach		KOR + orgel	
	12,0 min		
ICH FOLGE DIR GLEICHFALLS (Arie frå Johannes-pasjonen, Bach9	Solist + orgel		4,0
min			
ORGELSTYKKER		Organist	
	8,0 m.		
Seim songkor			
	20,0 m.		
Solosongar av Mendelsohn/Reger		Solist+ organist	
	12,0 m.		
TOTALT			
	75,5 m.		

I tillegg kjem Pie Jesu for kor og solistar. L.Webbers versjon.